



- Vi får fem mandat, seier Venstres ordførarkandidat Synnøve Handeland og partileiar Kjell Yri. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Venstre gjorde eit brakval i Kvinnherad med 14,5 prosent og fem mandat etter grovteljinga. Og enda betre var resultatet for partiet i Uskedalen. Leiaren, uskedelingen Kjell Yri, uttrykte seg slik i natt: - Dette er betre enn vi har håpa på i våre beste draumar!**

Det er ingen tvil om at ordførarkandidat Synnøve Handeland er eit heitt namn når det no skal forhandlast om dei fremste posisjonane i kommunen. Kanskje blir det ei Synnøve både som ordførar og varaordførar?

Her i bygda var partiet det største partiet ved røystinga i Aktivitetshuset måndag, med 90 røyster, foran Arbeiderpartiet som hadde 81, Høgre med 67 og Framstegspartiet med 57 . Senterpartiet fekk 24, Kristeleg Folkeparti og Innbyggjarpartiet 19, Sosialistisk Venstreparti 15, Tverrpolitisk Samlingsliste 12, Raud Valallianse to og Uavhengig Sentrum ein.

I tillegg til desse 387 røystene kjem 72 førehandsrøyster som kjem frå uskedelingar men som ikkje blir fordelt på partia i det krinsvise valoppgeret.. - Men uansett er valet å rekna som historisk i Uskedalen sett gjennom Venstre-brillar. Vi må nok heilt attende til 1950-talet for å finne maken til Venstre-val her, seier Torfinn Myklebust og Kristian O. Bringedal til uskedalen.no.

Men dei minnar om at Uskedalen tradisjonelt er ei sterk Venstre-bygd og no har teke tradisjonen opp att. Det har sjølvsagt også hatt sitt å seia at 11 uskedelingar var å finna på lista.



Røystinga er ferdig og Olaug Åsen og Åse Myklebust Neset i røystestyret har opna urna og er i gang med tellinga.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Kjell Yri var den gladaste uskedelingen under valvaka i Samfunnshuset i Rosendal måndag kveld, men heller ikkje ordførarkandidat Arne Havnerås i Høgre var misfornøgd.

- Partiet kjem inn med fire mandat og resultatet i Uskedalen er eit vitnesbyrd om at partileiar og andrekandidat Gunn Mari Moberg har gjort ein framifrå jobb, sa Havnerås.

Han var ikkje minst glad for at den opprivande striden som gjekk føre seg i partiet for få månader sidan tydelegvis ikkje har øydelagt for partiet.

Ein tredje partileiar busett i Uskedalen, Tove Lill Lakselv i Framstegspartiet, hadde ikkje grunn til å gleða seg i same grad, sjølv om partiet kjem att med fem mandat. Men ho kunne i hvert fall glede seg over at partiet fekk ein tredel av røystene som vart avgjeve på måndag i Herøysund, faktisk 85 av 248.

Gledeleg nok auka valdeltakinga i Uskedalen frå 53 ved det førre valet til 59 denne gongen. Det er til dømes berre fire prosent etter Husnes som auka frå 59 ved det førre kommunevalet til 63 no.

Av Ola Matti Mathisen



Førstegongsveljar Ida Mathilde Sæbø gjer borgarplikta si i Aktivitetshuset måndag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)